



- Det kan sjølvstg ryddast på min grunn, seier Einar Tysdal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Av helsemessige grunnar kan eg ikkje gjera det sjølv, men andre må gjerne ta jobben med å rydda bort vegetasjon frå min grunn i Skårhaug, seier Einar Tysdal (75) til uskedalen.no.**

Fungerande formann i Skårhaug Vel Jan Henrik Hansen er glad for den positive haldninga til Tysdal. Den kan kanskje utløysa ei opprydding rundt det før så populære utsiktspunktet. Vegetasjonen har teke heilt overhand slik at det ikkje lenger er mogeleg å nyta den fine utsikten frå toppen mot dei sentrale delane av Uskedalen, heller ikkje no på vinterstid. Om sommaren ser ein rett inn i ein grøn vegg.

- Det er synd at det ikkje er skikkeleg utsyn frå eit så fint utsiktspunkt. Både turgåarar og ikkje minst utebarnehagen som har "base" der oppe fortener at det blir rydda opp. Det er fint lagt til rette med benkar på toppen og dei ventar berre på å bli brukt, seier Hansen.

Tysdal bur i Skårhaug nummer 20 og eig ein trekant under Skårhaug-toppen. Då han bygde for 50 år sidan, var det god utsikt derifrå. Det er særleg i dei siste åra vegetasjonen har skote fart og øydelagt panoramaet, påpeikar han.

Av Ola Matti Mathisen



Slik er utsikten frå toppen av Skårhaug akkurat no. (Foto: Ola Matti Mathisen)